

# STORTINGSVAL

Olav Marøy

---

deltakar

Et kurs/studiehefte  
utgjeve av:

**Norsk Forbund for Utviklingshemmede**

**Postboks 8954 Youngstorget, 0028 Oslo**  
Telefon: 22 39 60 50 Telefaks: 22 39 60 60

[www.nfunorge.org](http://www.nfunorge.org)

[post@nfunorge.org](mailto:post@nfunorge.org)

Justert 2013



	Side
<b>Innleiing</b>	3
<b>Målgruppe m.m.</b>	4
<b>Studiemateriell, adresser og telefonar</b>	5
<b>Praktiske råd</b>	6
<b>Samling 1</b>	7
<b>Samling 2</b>	10
<b>Samling 3</b>	12
<b>Samling 4</b>	14
<b>Samling 5</b>	16
<b>Oversikt over tilleggsstoff</b>	18
<b>Kort om Storting og stortingsval</b>	19
<b>Ord og uttrykk</b>	22
<b>Dette seier dei politiske partia om seg sjølve</b>	27
<b>Blanke sider til å skrive eller lime inn på</b>	
<b>Vurderingsskjema</b>	35
<b>Lettlest studiemateriell fra NFU</b>	36
<b>Adresseliste til partia</b>	38

## INNLEIING



Dette studieheftet tek opp nokre av dei viktigaste prinsippa og retningslinene for korleis landet vårt vert styrt gjennom Storting og stortingsval. I tillegg vert det lagt vekt på korleis eit stortingsval vert gjennomført, og korleis den einskilde kan delta.

**Her er mange spørsmål og oppgåver. Ikkje alle høver like godt for alle. Kurset treng ikkje ta opp alle dei emna som er omtala. Kursleiar må velje ut, eventuelt lage nye etter behov.**

Kursleiaren kan skaffe det studiemateriellet som er ynskjeleg, og leggje stoffet til rette.

Det er viktig å aktualisere dei ulike emna og å bevisstgjere deltakarane på eigen situasjon i høve til val. Det bør leggjast stor vekt på at deltakarane får gje uttrykk for eigne meiningar og ynskje. Dersom deltakarane ynskjer det, kan studieringen utvidast med ei samling ved å delta på eit møte i eit politisk parti, eller i ein politisk debatt. Det kan og vere aktuelt at studieringen arrangerer eigen politisk debattkveld.


Til slutt i dette studieheftet er ein del tilleggsstoff:

- Kort om Storting og stortingsval*
- Ord og uttrykk som vert nytta i politisk samanheng*
- Dette meiner partia om seg sjølve (plass til utklipp frå aviser/brosjyrar)
- Adresser til de politiske partia**


# STORTINGSVAL




**MÅLGRUPPE:** Personar med utviklingshemning og andre som ynskjer ei kort innføring i reglar og prinsipp for stortingsval.



**MÅLSETTING:** Gjennom politisk kunnskap delta i og ta ansvar for samfunnet. Gjennom politisk aktivitet vere med og forme samfunnet. Gjennom val få medbestemming og innverknad på eigen livssituasjon.



**TAL PÅ SAMLINGAR:** Det vert rekna med 5 samlingar, 3 timar kvar. Kvar time er 60 minuttar. Hugs pausar. Kurset bør vere avslutta innan 3 månader.



**REGLAR FOR KURS:** Kurset skal innmeldast til NFUs studieforbund, Studieforbundet næring og samfunn. Reglar og rettleiing kan ein få ved å vende seg til studieleiaren i fylkeslaget eller direkte til NFU.



**STUDIEMATERIELL –  
ADRESSER OG TELEFONAR**

Lov og regelverk om stortingsval finn du på – [www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)  
Stortinget, stortingsbygningen, historikk og om arbeidet i Stortinget.  
Sjå også på Stortinget si heimeside på nettet – [www.stortinget.no](http://www.stortinget.no)  
Valprogram frå dei ymse partia. Kan skaffast frå partikontora, sentralt eller lokalt.

Aviser og brosjyrar med stoff om stortingsval.

## **Nyttige adresser og telefonnummer:**

### **Studieforbundet næring og samfunn**

Schweigaardsgate 34 F,  
Postboks 440, Sentrum, 0103 Oslo  
Telefon: 22 14 11 50  
E-post: [post@naeringogsamfunn](mailto:post@naeringogsamfunn.no)  
Hjemmeside: [www.naeringogsamfunn.no](http://www.naeringogsamfunn.no)

### **Norsk Forbund for Utviklingshemmede**

Youngstorget 2A, 0181 Oslo  
Postboks 8954 Youngstorget, 0028 Oslo  
Telefon: 22 39 60 50, fax 22 39 60 60  
E-post: [post@nfunorge.org](mailto:post@nfunorge.org)  
Hjemmeside: [www.nfunorge.org](http://www.nfunorge.org)

ADRESSER OG TELEFONNUMMER TIL DE POLITISKE PARTIA  
FINN DU BAK I HEFTET.

## Praktiske råd



Kurset skal ha ein leiar.

Kursleiar bør på førehand gjere seg kjent med reglar for kurs.

Om kursaktiviteten skal få tilskot, må studieringen helst 14 dagar på førehand vere tilmeldt til NFUs studieforbund, Studieforbundet næring og samfunn.

Kursleiar må føre frammøtelister som skal sendast til Studieforbundet etter at kurset er avslutta.

Det kan vere ein fordel å lage korte referat frå kvar samling. Dette referatet kan brukast ved starten av neste samling.

Det kan og vere aktuelt å invitere ein “ressursperson” til ei eller fleire samlingar. Denne ressurspersonen bør ikkje førelese, men hjelpe til med å klargjere problemstillingar, og elles delta i samtalen.

Deltakarane vert oppmoda om å “sakse” avisinnlegg, artiklar o.l. om emnet. Bruk av internett til å finne informasjon om mellom anna Stortinget, kan vera til stor hjelp.


Video-opptak frå pågåande valkamp vist på TV, kan og vere aktuelt å bruke.

Deltakarane kan oppmodast om å vise studieheftet til vener og familie og drøfte dei ymse emna og spørsmåla.

Ikkje alle sidene er fullskrivne. Desse kan nyttast til personlege notatar, innliming av bilete eller viktig stoff frå aviser o.l.

Det tas atterhald om at partinamn, logo, adresser kan vere endra. Det same gjelder namn på departement.

# SAMLING 1



## TEMA:

Bli kjent med kvarandre  
Oversyn over emne og studiemateriell  
Folkestyre. Demokrati/diktatur

## STUDIEMATERIELL:

Kort om Storting og stortingsval - side 19  
Brosjyre om Stortinget – ”Norges  
nasjonalforsamling”  
Noregskart med fylkesgrenser  
Arbeidsark til samling 1 – side 8



## ARBEIDSARK TIL SAMLING 1

### **SAMTALE / DRØFTING OG AKTIVITETAR:**

Klipp ut og lim inn bilete av kjende politikarar. Lag ein strek frå bileta til det partiet han/ho tilhøyrrer. Det gjer ikkje noko om streka kryssar kvarandre. Ringleiaren kan kanskje kopiere opp ein del bilete.

Dersom du ikkje rekk alt ved første samling, kan du gjere resten ved eit seinare høve.








Andre partier

## SAMLING 2

### TEMA:

Stortinget sine oppgaver og ansvar  
Partigrupper og komitear  
Regjering – departement – statsrådar



### STUDIEMATERIELL:

Brosjyre om Stortinget – ”Norges nasjonalforsamling”  
Kort om storting og stortingsval – side 19  
Ord og uttrykk – side 22  
Arbeidsark til samling 2 – side 11

### SAMTALE / DRØFTING OG AKTIVITETAR:


- Kva er dei viktigaste oppgåvene til Stortinget?
- Korleis kan dette ha interesse for den enkelte av oss?  
(Tildømes med omsyn til skattar, avgifter og meir.)
- Korleis får staten inntekter, og kva brukar staten pengane til?
- Sjå arbeidsark for samling 1. Der finn du namn på nokre av dei partia som har representantar på Stortinget i stortingsperiode 2009 - 2013.
- Arbeidsark til samling 2 (dette kan gjerast individuelt eller saman med andre).


Oppsummering, eller referat frå samlinga

Kven gjer kva til neste samling?

⇒ Praktiske ting

⇒ Kursleiaren førebur neste samling





## ARBEIDSARK TIL SAMLING 2

(For deltakarar som treng hjelp, kan kursleiaren eller ein annan hjelpe til som “sekretær”.)

### **Kva heiter noverande**

Statsminister .....

Utanriksminister .....

Kunnskapsminister .....

Barne- likestillings- og inkluderingsminister .....

Arbeidsminister .....

Helse- og omsorgsminister .....

andre statsrådar .....

Stortingspresident .....


Kor mange stortingsrepresentantar har Stortinget?

Kor mange stortingsrepresentantar kjem frå ditt fylke?

Veit du namn på stortingsrepresentantar frå ditt fylke?

**Klipp ut og lag veggavis av bilete og overskrifter  
frå aviser og brosjyrar**

## SAMLING 3



### TEMA:

Dei politiske partia. Prinsipp- og handlings/arbeidsprogram

### STUDIEMATERIELL:

Prinsipp- og handlings/arbeidsprogram frå dei ymse partia

Aviser og brosjyrar

Særskilde valaviser for eige fylke

Tilleggsarka i studieheftet:

Dette seier partia om seg sjølve – side 27 til side 34

Arbeidsark til samling 3 – side 13

### SAMTALE / DRØFTING OG AKTIVITETAR:

- Mange politiske parti eller partigrupper stiller vallister ved stortingsval. Kven har representantar på Stortinget i dag?
- Ville du like å vere representant på Stortinget?  
Kva saker ville du ta opp, og kva lover og reglar ville du endre på? (Døme på saker: Skattesystemet, avgifter, innvandringspolitikken, skulesystemet, eldreomsorga, statskyrkja eller andre saker.)
- Kva er skilnaden på politisk styring og administrasjon?
- Demokrati i dagleglivet: Lag to eller tre framlegg i ei sak og stem over framlegga.
- Gruppeoppgåve for to eller tre deltakarar: Lag ein biletmontasje over personar frå ditt fylke og som er kandidatar til Stortinget ved komande val.
- Bruk arbeidsarket til samling.

Oppsummering, eller referat frå samlinga

Kven gjer kva til neste samling?

⇒ Praktiske ting

⇒ Kursleiaren førebur neste samling



## ARBEIDSARK TIL SAMLING 3

Sjå logoane til dei ymse partia. Lag ein strek frå logoen til det fullstendige namnet på partiet. (Det gjer ikkje noko at linjene kryssar kvarandre.)



**Kristelig folkeparti**



**Fremskrittspartiet**



**Rødt**



**Arbeiderpartiet**



**Sosialistisk venstreparti**




**Sosialistisk venstreparti**



**Senterpartiet**



**Venstre**

**SAMLING 4**

RÅDHUS

**TEMA/AKTIVITETAR:**


Besøk på kommunehuset/rådhuset.

(Stortinget for dei som bur i Oslo eller nær Oslo.)

Vektlegging på orientering om framgangsmåte og utstyr som vert nytta ved stortingsval. Ordføraren er som regel leiar for valstyret og det er naturleg at studieringen kontaktar han/henne. Besøket må avtalast i god tid på førehand. Til dette besøket vil det høve godt å invitere lokalavisa.

**Dette bør ein få sjå eller få orientering om:**

- Manntalet ( Kvar einskild må få kontrollere namnet sitt i manntalslista).
- Valurne.
- Stemmesetlar (Røystesetlar).
- Konvoluttar.
- Hemmelege val.
- Prøve framgangsmåten som vert nytta valdagen.
- Prøve sitje i kommunestyresalen. Samanlikne med stortingssalen.
- Rett på skyss til og frå vallokalet og rett til hjelp i vallokalet på valdagane for dei som treng det.

**POLITISK DEBATTMØTE :**

Dette kan vere i tillegg til dei andre samlingane, men kan og kome i staden for besøket på kommunehuset/rådhuset. Dersom ein vel å lage eit politisk debattmøte, bør ein knyte til seg fleire ressurspersonar som kan hjelpe til med organiseringa.

Det er viktig at opplegget vert tilpassa målgruppa.


Oppsummering, eller referat frå samlinga

Kven gjer kva til neste samling?

⇒ Praktiske ting

⇒ Kursleiaren førebur neste samling

**ARBEIDSARK TIL SAMLING 4**



Denne sida er til personlege notatar eller innliming av noko du har klipt frå brosjyrar eller aviser.

## SAMLING 5



### TEMA

Før stortingsvalet  
Krav til parti og representantar  
Oppsummering

### STUDIEMATERIELL:

Klikk på lenken [www.valg.no](http://www.valg.no) for meir informasjon  
Studiemateriell som er samla inn før  
Arbeidsark til samling 5 – side 17  
Kursbevis

### SAMTALE / DRØFTING OG AKTIVITETAR:

- Oppsummering etter besøksrunden eller etter debattmøtet.
- Kva krav vil eg stille til dei personane / partiet eg vil stemme på?
- Repetisjon av framgangsmåten på valdagen.
- Fulle ut arbeidsark til samling 5.

### VURDERING AV STUDIERINGEN:


Samtale, men bruk gjerne skjemaet som fylgjer med heftet.

### AVSLUTNING:

Utdeling av kursbevis.  
Dersom ein ynskjer eit lite festsamvære til slutt, må dette vere avgjort og planlagd på førehand.

### RAPPORT:

Kursleiaren fyller ut dei nødvendige skjema og skriv rapport. Kursleiaren sender dei vidare i samsvar med avtale med studieleiaren i fylkeslaget.






**ARBEIDSARK TIL SAMLING 5**

Her er ei liste over viktige samfunnsoppgåver. Drag ei line frå kvar av dei nemnde oppgåvene og til det partiet du meiner gjer dette best og etter di meining.


- 1 Skule og opplæring
- 2 Arbeid til alle
- 3 Tilrettelegg samfunnet for funksjonshemma
- 4 God eldreomsorg
- 5 Rettferdig skattepolitikk
- 6 Trygd og sosialhjelp
- 7 Sjuke- og helsestell
- 8 Er solidarisk med dei som har dei som har det vanskeleg i samfunnet
- 9 Tek vare på miljøet
- 10 Rett alkoholpolitikk
- 11 Handsamar flyktningar og asylsøkjjarar på ein rettvis måte
- 12 Rettvis fordeling av godane i samfunnet

<i>SV</i>
<i>HØYRE</i>
<i>ARBEIDERPARTIET</i>
<i>VENSTRE</i>
<i>FREMSKRITTS- PARTIET</i>
<i>KRISTELIG FOLKEPARTI</i>
<i>SENTERPARTIET</i>
<i>RØDT</i>

**NFU takkar for innsatsen og ynskjer:**


**G O D T V A L !**

**TILLEGGSSTOFF**



- Kort om Storting og stortingsval.*
- Ord og uttrykk som vert nytta i politisk samanheng.*
- Dette meiner partia om seg sjølve (sider til innliming av utklipp).*
- Adresser til de politiske partiene.*

## Kort om Storting og stortingsval



17. mai 1814 vart Grunnloven underskriven av Riksforsamlinga på Eidsvoll. Same dag vart Kristian Fredrik vald til konge i eit fritt, sjølvstendig og uavhengig land. Med dette hadde Noreg fått sin eigen grunnlov, skipa eiga nasjonalforsamling som vi kallar Stortinget.

I eit demokrati er det folket som bur i landet som har retten til å styre det. Dette gjer vi ved å velje representantar til Stortinget. Stortinget held til i ein vakker bygning i Oslo.

Denne bygningen vert og kalla Stortinget eller Stortingsbygningen.

I ein del andre land kallar dei det øvste styringsorganet for parlament. Dette svarar til vårt Storting. Etter nemninga parlament, har vi ei styreform som vi kallar parlamentarisme. Regjeringa er ansvarleg i høve til Stortinget, og Stortinget kan vedta mistillit til regjeringa. Ho må då gå av, og det må skipast ny regjering.

Noreg har stortingsval kvart fjerde år. Alle norske statsborgarar som fyller 18 år innan utgangen av valåret, har røysterett.

Dei politiske partia har vallister med namn på dei personane dei ynskjer skal kome inn på Stortinget. Etter eit noko innvikla regelverk får partia representantar på Stortinget etter kor mange røyster dei får ved valet. Stortinget har no 169 stortingsrepresentantar.

Landet vårt er delt inn i 19 valdistrikt som svarar til våre fylke. Folketalet i kvart fylke er viktigaste grunnlaget for tildeling av talet på representantar til Stortinget. Mange parti/partigrupper stilte vallister ved stortingsvalet. Berre nokre av desse får representantar på Stortinget.

**Stortinget har mange viktig aktivitetar og oppgåver. Her skal vi nemne nokre av dei viktigaste:**

- ⇒ Stortinget kan vedta nye lover og endre eller oppheve gamle lover.
- ⇒ Endring av lovverket foregår svært formelt og etter bestemte reglar.
- ⇒ For å endre Grunnloven må 2/3 eller fleire av representantane stemme for framlegget.
- ⇒ Stortinget vedtar statsbudsjettet. Stortinget bestemmer korleis staten skal få inntekter ved skattar og avgifter, og det bestemmer korleis desse pengane skal brukast.
- ⇒ Stortinget kontrollerer at dei lover og reglar som gjeld vert fylgde.
- ⇒ Stortinget lagar og planar og retningsliner for det staten skal gjere.

Stortinget kan samanliknast med ei stor bedrift. I tillegg til dei 169 valde representantane, er det ca. 400 tilsette som organiserer og administrerer det som føregår på Stortinget. Stortinget gir ut ei mengd med dokument om dei saker som vert handsama.

Du har sikkert sett på TV eller høyrte på radioen frå eit møte i Stortinget. Det er svært høgtideleg og fylgjer bestemte reglar. Alle som skal tale, vender seg til presidenten og seier: "Herr president!". Men det meste av arbeidet foregår i komitear. Stortinget har mange faste komitear som arbeidar med oppgåver til dei ymse departementa.

**Å vere medlem av eit politisk parti.**

Den demokratiske styremåten vår er knytt til politiske parti med ulike program og idégrunnlag. Gjennom desse partia kan personar med same idégrunnlag påverke styringa av samfunnet vårt.

Du vil nok ikkje finne eit politisk parti som du i alle ting er samd med. Men dette er berre ein fordel. Innan kvart parti er det ulike meiningar,

og gjennom diskusjonar kan medlemene i partia påverke dei vedtak som vert gjorde.

Alle som ynskjer det kan bli medlem av eit politisk parti. Dei fleste partia har sikkert lokallag på heimstaden din. Ved å vende deg til leiaren eller kasseraren i det partiet du ynskjer å bli medlem av, får du alle nødvendige opplysningar.

## ORD OG UTTRYKK:

budsjett, interpellasjon, folkevald organ, koalisjon, mandat, opposisjon, radikal, kabinettspørsmål, parlamentarisme



**Administrasjon:** I offentlig arbeid vert dette ordet brukt om tilsette sitt arbeid med å førebu saker og gjennomføre det politiske organ gjer vedtak om.

**Budsjett:** Avgjerd om korleis ein organisasjon eller person vil bruke pengane for eit bestemt tidsrom, til dømes for ein måned eller eitt år. Det gjeld både inntekter og utgifter.



**Demokrati:** Folkestyre. Heile folket kan vere med å velje dei personane som skal styre landet. Det er viktig at det er fleire parti og fleire personar å velje mellom.

**Departement:** Arbeidet til regjeringa vert delt opp i fleire arbeidsområde. For kvart av desse arbeidsområda vert det oppretta eit departement med ein statsråd som leiar.



**Folkevald organ:** Styre, råd, komitear som vert valde ved folkerøysting.

**Førehandsstemming:** Dei som ikkje har høve til å stemme på valdagen, kan få stemme på førehand.

**Gruppeleiar:** Dei som er valde inn på Stortinget for same partiet, utgjer ei gruppe, og denne gruppa vel ein leiar.



**Handlings/arbeidsprogram:** Førre eit val gjer partia vedtak om kva om skal vere dei viktigaste sakene dei vil arbeide med og korleis dei vil løyse desse i komande valperiode (fire år).





**Interpellasjon:** Representantar på Stortinget kan stille spørsmål til regjeringa eller til ein statsråd. Det er og høve til debatt og til å kome med framlegg til vedtak.

**Kabinettspørsmål:** Når ei regjering stiller kabinettspørsmål, meinast at regjeringa vil gå av dersom eit fleirtal i Stortinget røystar imot framlegget frå regjeringa.

**Koalisjon:** To eller fleire parti samarbeider om å skipe regjering.

**Konservativ:** Prinsippet om å vektleggje tidlegare holdningar, meiningar, tradisjonar og vedtak.

**Komitear:** Noko av det viktigaste arbeidet på Stortinget føregår i komiteane. Mest alle saker som skal opp i Stortinget, vert først handsama i ein komite. **Stortinget har fleire faste fagkomitear.**



**Mandat:** Mynde, fullmakt, oppdrag, verv.

**Manntal:** Protokoll med namn på alle norske statsborgarar som har røysterett.

**Maktfordeling:** Vårt styringssystem er tre-delt:

- 1 *Lovgevande (Stortinget)*
- 2 *Utøvande eller iverksetjande (Regjeringa)*
- 3 *Dømande (Domstolane)*

**Menneskerettane:** SN (FN) har vedteke mange viktige prinsipp som gjeld alle menneske, til dømes retten til utdanning, trusfridom, medisinsk handsaming ved sjukdom og mange fleire. Noreg har slutta seg til desse prinsippa og er pliktig til å fylgje dei.



**Medbestemming:** Retten til å vere med å drøfte og ha innverknad på avgjerder i saker som har med eigen livssituasjon å gjere.

**Mindretalsregjering:** Eitt eller fleire parti som skipar regjering, men der desse parti ikkje har fleirtal i Stortinget.

**Nasjonalforsamling:** Det øverste styringsorgan i eit land. I Noreg svarar dette til vårt Storting.

**Opposisjon:** Dei partia som ikkje er med i regjeringa.

**Partigrupper/gruppeleiar:** Representantar som er valde inn på Stortinget frå same part, vert rekna som ei partigruppe. Gruppa vel gruppeleiar.


**Partileiar:** Dei ymse partia har gjerne ein landsomfattande organisasjon. Organisasjonen vel ein leiar.



**Parlamentarisme:** Ei styreform der regjeringa er ansvarleg i høve til Stortinget. Stortinget kan avsette regjeringa og velje ny.

**President/presidentskap:** Stortinget vel leiar og nestleiar (president og visepresident) for Stortinget, Lagtinget og Odelstinget. Desse seks utgjer presidentskapet.

**Prinsipp:** Grunnleggjande retningsliner og levereglar.



**Prognose:** Ut frå røynsle og førebels resultat, rekne ut kva som truleg vil bli endeleg resultat.

**Radikal:** Ytterleggåande, omfattande og grundige endringar.

**Referat:** Attgjeving (skriftleg eller munnleg) frå eit møte eller hending.



**Representant:** Ein som er vald til verv eller oppdrag (til dømes stortingsrepresentant).



**Saksordfører:** Når ei viktig sak skal handsamast av Stortinget, vert det valt ein leiar som organiserer arbeidet før den kjem til Stortinget.

**Solidaritet:** Av ymse grunnar er det ikkje alle som greier seg like godt i samfunnet. Prinsippet om at alle skal få naudsynt hjelp og dele godene i samfunnet, nemner vi som solidaritet.

**Sosialistisk:** Staten skal ha hovudansvaret for at det solidariske prinsippet ver gjennomført i samfunnet.

**Statsråd:** Den politiske og ansvarlege leiaren for eit departement. Vert og nytta om møte i regjeringa når kongen er til stades.




**Stemmesetel:** Partiet si liste over dei personane som er kandidatar til valet. Denne lista vert brukt når ein skal stemme på valdagen.

**Stortingsmelding:** Ei skriftleg orientering frå regjeringa til Stortinget om ei sak eller ein plan som dei ynskjer Stortinget skal drøfte.


**Stortingsproposisjon:** Framlegg frå regjeringa om saker Stortinget skal ta stilling til.

**Suverenitet:** Vert nytta om det å vere uavhengig og ha rett til å bestemme over eige land og folk.



**Valkamp:** På møte, gjennom aviser, brosjyrar, debattar på TV og i radio fortel partia om sine prinsipp og program for neste valperiode. På denne måten vil dei prøve å få flest moglege stemmer til eige part. Og dette igjen avgjer kor stor makt dei vil få på Stortinget.

**Valkrins:** Til Stortingsvalet er det 19 valkrinsar som svarar til kvart av fylka våre. Dette er gjort for at dei ulike deler av landet skal få ei så rettferdig fordeling av representantar som moglege.



**Vallokale:** Lokalet der valet foregår. I dei fleste kommunane er det fleire vallokale. Dette skal gjere det lett å vere med å røyste. Personar som treng det, har rett på skyss og nødvendig hjelp i vallokalet.


**Valloven:** Loven inneheld alle reglar og føresegner om stortingsval, kommuneval og fylkestingsval.

**Valstyre:** Valstyret organiserer valet og ser til at lover og reglar vert fylgde. I dei fleste høve er formannskapet, valstyre og ordføraren leiar for valstyret.




**Valurne:** Ein stor “boks”, liknar på ein stor postkasse. Her legg ein stemmesetelen når ein røystar. Både valurna og valet elles vert godt passa på så fusk ikkje skal gå føre seg.

Dette seier dei politiske partia om seg sjølve:




Her kan du lime inn spesielle utklipp frå aviser og brosjyrar.


Dette seier dei politiske partia om seg sjølve:




Dette seier dei politiske partia om seg sjølve:




Dette seier dei politiske partia om seg sjølve:



Dette seier dei politiske partia om seg sjølve:




Dette seier dei politiske partia om seg sjølve:






Dette seier dei politiske partia om seg sjølve:



Dette seier dei politiske partia om seg sjølve:





# VURDERINGSSKJEMA

Tema for kurset .....

Individuelt arbeid i ca. 10 minuttar.

Deltakarane noterer ned stikkord om opplevingar, inntrykk, om det dei har likt eller mislikt.

## 1 Positive forhold:

## 2 Framlegg til endringar:

.....  
NFU sentralt ynskjer tilbakemeldingar på studiemateriellet, og eventuelle forslag til forbetringar og endringar.

**NFU takkar for hjelpa.**



Norsk Forbund for  
Utviklingshemmede

# Studiemateriell i lettlest utgåve for kursaktivitet

- 1 Stortingsval**  
Om bakgrunn og oppbygginga av vårt politiske system, – demokratisk val.
- 2 Kommunevalg**  
Om bakgrunn, virkemåte og praktisk gjennomføring av eit kommuneval.
- 3 Vi og Samfunnet**  
Om korleis samfunnet rundt oss fungerer og kva det kan hjelpe oss med.
- 4 NFU – En organisasjon**  
Dette er ei innføring i viktige sider ved NFU frå grunnen av.
- 5 Tillitsvalgt i organisasjonen NFU**  
Kurset handlar om tillitsvalgtrolla og funksjonen, samt gir økt kunnskap om NFU som interesseorganisasjon.
- 6 NFUs prinsipp-program**  
Dette kurset setter fokus på dei 10 prinsippene til NFU.
- 7 Fra foreldrehjem til eget hjem**  
Kurset tek opp det å flytte frå barndomsheimen og til eigen heim.

- 8 Kroppen min og følelsene mine (del 1)**  
Dette kurset ynskjer å gi økt kunnskap om eigen kropp og kjensler. Rettleiingshefte følgjer med.
- 9 Seksualitet og samliv (del 2)**  
Kurset bygger på kurs 8. Her ynskjer vi å gi økt kunnskap om samliv mellom mennesker. Rettleiingshefte følgjer med.
- 10 Pengene mine**  
Om personlig økonomi. Til kurset følgjer regnskapsark og budsjettark i Excel på CD.
- 11 Aktiv i egen organisasjon**  
Faglege og metodiske tips om kordan få personer med utviklingshemning meir aktive i organisasjonen. Rettleiingshefte følgjer med.
- 12 Ledsagerhefte – Verdt å vite for ledsagere i NFU**  
Om rollen som ledsager

## ADRESSER TIL PARTIENE

Her finner du adresser til partia sentralt. Du kan også kontakte partia lokalt i din kommune.

<b>Parti</b>	<b>Besøks-adresse</b>	<b>Telefon</b>	<b>Post-adresse</b>	<b>Adresse e-post +hjemmeside</b>
<b>Det norske Arbeiderparti</b>	Youngstorget 2A	Tlf. 24 14 40 00 Fax.24 14 40 01	Postboks 8743 Youngstorget 0028 OSLO	<a href="mailto:post@arbeiderpartiet.no">post@arbeiderpartiet.no</a>  <a href="http://www.arbeiderpartiet.no">www.arbeiderpartiet.no</a>
<b>Fremskrittspartiet</b>	Karl Johans gt. 25 Oslo	Tlf. 23 13 54 00		<a href="mailto:frp@frp.no">frp@frp.no</a>  <a href="http://www.frp.no">www.frp.no</a>
<b>Kristelig Folkeparti</b>	Øvre Slottsgt.18-20 Oslo	Tlf. 23 10 28 00 Fax. 23 10 28 10	Postboks 478 Sentrum 0105 OSLO	<a href="mailto:krf@krf.no">krf@krf.no</a>  <a href="http://www.krf.no">www.krf.no</a>
<b>Senterpartiet</b>	Akersgaten 35 Oslo	Tlf. 23 69 01 00 Fax. 23 69 01 01	Postboks 1191 Sentrum 0107 OSLO	<a href="mailto:epost@senterpartiet.no">epost@senterpartiet.no</a>  <a href="http://www.senterpartiet.no">www.senterpartiet.no</a>

<b>Parti</b>	<b>Besøks-adresse</b>	<b>Telefon</b>	<b>Post-adresse</b>	<b>Adresse e-post + hjemmeside</b>
<b>Venstre</b>	Møllergt. 16 Oslo	Tlf. 22 40 43 50 Fax.22 40 43 51	Møllergata 16 0179 OSLO	<a href="mailto:venstre@venstre.no">venstre@venstre.no</a>  <a href="http://www.venstre.no">www.venstre.no</a>
<b>Høyre</b>	Stortingsgt. 20 Oslo	Tlf. 22 82 90 00 Fax. 22 82 90 80	Postboks 1536 Vika 0117 Oslo	<a href="mailto:politikk@hoyre.no">politikk@hoyre.no</a>  <a href="http://www.hoyre.no">www.hoyre.no</a>
<b>Sosialistisk Venstreparti</b>	Stenersensgt. 2 Oslo	Tlf. 21 93 33 00 Fax. 21 93 33 01	Stenersensgt. 2 0184 Oslo	<a href="mailto:post@sv.no">post@sv.no</a>  <a href="http://www.sv.no">www.sv.no</a>
<b>Rødt</b>	Osterhaugsgt. 27 Oslo	Tlf. 22 98 90 50 Fax. 22 98 90 55	Osterhaugsgt.27 0183 Oslo	<a href="mailto:raudt@raudt.no">raudt@raudt.no</a>  <a href="http://www.roedt.no">www.roedt.no</a>

Informasjon pr. mars 2013

G:\Felles\Rydde\Studiehefter korr.lest\Revidert 2013\STORTINGSVAL Revidert mars 2013 aeg.doc